

# **E39 Byrkjelo – Grodås Kommunedelplan med konsekvensutgreiing Hornindal kommune**

Planid: 20030001

Dato / revisjon: 1. juli 2019

## **FØRESEGNER**

### Kapittel 1. Føremål

#### **1-1. Føremål**

Kommunedelplanen skal avklare trasé med tilhøyrande anlegg for framtidig E39 på strekninga frå Bergheim i Gloppen kommune til Kvivstunnelen i Hornindal kommune. Planen omfattar areal i kommunane Gloppen, Stryn og Hornindal.

### Kapittel 2 Generelle føresegner (Pbl § 11 – 9)

#### **2-1 Krav om reguleringsplan ((Pbl § 11-9, nr. 1)**

##### 2-1.1

Innanfor plangrensa skal det utarbeidast ny reguleringsplan for alle tiltak etter pbl § 1-6, med unntak for tiltak etter pbl § 20-1c, e, h og i.

Reguleringsplankravet gjeld også for alle tiltak innanfor sikringssona til vegtunnelane. Sikringssona har ei utstrekning på 40 meter til kvar side målt frå veglina i tunnelvegplanet og 30 meter over og under tunnelvegplanet.

#### **2-2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl § 11-9 nr. 3)**

##### 2-2.1 Hovudveg

Vegen skal planleggast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N 100.

Tunnelar skal byggast i samsvar med Statens vegvesen handbok N 500.

Vegen skal vere utan avkøyrslar.

##### 2-2.2 Tilførselsvegar

Som del av vegtiltaket, skal det opparbeidast tilførselsvegar mellom eksisterande lokalvegssystem og nye kryss med hovudveg E39. Vegane skal planleggast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N 100.

##### 2-2.3 Gang - og sykkelvegar

Gang- og sykkelvegane skal planleggast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N 100.

#### 2-2.4 Kollektivtransport

Det vert lagt opp til at kollektivtransport (busstrafikk) skal avviklast blanda med annan køyrande trafikk.

Knytt til E39 skal det planleggast kollektivhaldeplassar for av- og påstiging i samband med kryssa.

### 2-3 Rekkefølgekrav (Pbl § 11-9, nr. 4)

#### 2-3.1

Alle tilførselsvegar, gang- og sykkelvegar, kollektivanlegg og innfartsparkering som inngår i veganlegget knytt til E39, skal ferdigstillast samtidig med hovudveganlegget.

### 2-4 Krav om byggjegranser, funksjonskrav mm. (Pbl § 11-9, nr. 5)

#### 2-4.1

Byggjegrænse er 50 m frå senterline av riks- og fylkesveg. For kommunale vegar er byggjegrænse 15 målt frå senterlina av vegen.

### 2-5 Avklaringar i reguleringsplanen (Pbl § 11-9, nr. 8)

#### 2-5.1

Konsekvensar av tunneldriving for grunnvassførekomstane i området skal kartleggast og dokumenterast som del av reguleringsplanarbeidet.

#### 2-5.2

I samband med reguleringsplanarbeidet må det dokumenterast at tiltak i og ved vassdrag ikkje får som konsekvens at tilstøytande areal og byggverk vert utsett for auka flaum- og erosjonsfare.

## Kap 3 Omsynssoner (Pbl § 11-8)

### 3-1 Omsynssoner knytt til faresone (Pbl § 11-8 a)

#### 3-1.1

Kode H310 på plankarta viser skredfare med sannsyn større enn 1/1000. Faresona er basert på faresonekartlegging av skredfare i bratt terreng.

Innanfor omsynssone H310 skal fagkyndige kartlegge kva del av vegen som stettar risikoakseptkriteria for skred på veg og kva deler av vegen det er naudsynt med sikringstiltak.

Der byggeområde ligg innanfor H310 er det krav om fagkyndig kartlegging av skredfare i samsvar med Byggeteknisk forskrift sine akseptkriterium.

### 3-1.2

Flaumsoner for 200-årsflaum er vist på plankarta (kode H320).

### 3-1.3

Plankartet viser omsynssoner for eksisterande høgspenlinjer kode H370.

## **3-2. Sone for bandlegging for framtidig regulering etter Plan og bygningslova eller andre lover (Pbl § 11-8 d)**

### 3-2.1

Hornindal

Bandlegginga (H710) gjeld sone langs trasé for ny E39 med tilhøyrande sideanlegg på strekninga frå Markane til Kvivstunnelen i Hornindal kommune.

Når bandlegginga etter pbl § 11-8 d i denne planen blir oppheva, gjeld følgjande: For areal etter pbl § 11-7 nr 1, 3, 5 og 6 gjeld føresegnene knytt til arealdelen av kommuneplan for Hornindal 2004-2015

### 3-2.2

Plankartet viser omsynssoner for eksisterande høgspenlinjer (kode H740) med konsesjon etter Energilova.